



Borgen Advokatar AS,
v/adv. Karl Øyvind Kristiansen
Postboks 84
5480 HUSNES

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|----------------|---------------------|--------------|-------------|------------|
| Grethe Sandvik | 91899796 | 2018/1663-27 | | 20.09.2018 |

Erstatning for erverv av grunn, 82/230, etter skjønn/overskjønn Skålakaien, Rosendal

Den 2.5.2018 vart det avsagt overskjønn i Gulating Lagmannsrett for å fastsetja erstatning for erverv av grunn til gjennomføring av reguleringsplan for etablering av hurtigbåtkai og bussterminal på Skålakaien i Rosendal Sentrum.

Resultatet frå skjønn/overskjønn er følgjande.

Takst 1. 82/230: Landareal

Erstatninga vart sett til 2500,- kr /m², Overskjønn, Gulating lagmannsrett, sagt 02.05.2018.

Takst 2. 82/230: Kaiareal

Erstatninga vart sett til kr 0,-. Skjønn avsagt, Sunnhordland tingrett, 19.06.2017.

Det er inngått avtale med begge eigarane om frivillig skjønn, sjå vedlagte avtaler. I følgje avtale pkt 3 skal Kvinnherad kommune syte for nøyaktig oppmåling av areal. Kvinnherad kommune søkte den 13.06.2018 om oppmåling av Takst 1; Landareal og Takst 2; Kaiareal for eigeidom 82/230.

Resultat frå arealoppgave 82/230, frå oppmålingskontoret, datert 15.08.2018, sjå vedlegg, viser følgjande.

Takst 1. Landareal: 707,0 m².

Takst 2. Kaiareal: 197,7 m²

Denne arealoppgave er godkjent av begge eigarane til 82/230, godkjenning datert 19.09.2018, sjå vedlegg.

Med bakgrunn i dette er samla erstatning for grunn:

- Areal Landareal 707,0 m² x 2500,- kr/m²= kr 1 767 500,-.

Rente:

Ut frå skjønn, Sunnhordland Tingrett, avsagt 19.06.2017 så skal de fastsatte erstatninger forrentes med 3% rente p.a. gjeldande frå følgjande tidspunkter: Takst 1-4: 27. oktober 2016, jf ekspr.erstl. §10. Retten viser til at partane har inngått frivillig avtale og at det følger av

denne at råderetten til eigedommene går over til kommune ved kommunestyrets aksept av avtalene.

Heftelse:

Viser til avtale pkt 5. Dersom det er tinglyste hefte på areala/eigedommane, skal grunneigarane medverke til at desse vert sletta. Advokat Karl Øyvind Kristiansen vil på vegne av Kvinnherad kommune koordinere dette arbeidet.

Vedlagt følgjer grunnbok på 82/230, pr 20.09.2018. Som vi ser er det eit pantedokument og ein festekontrakt som må slettast.

For sletting av festekontrakten, så må truleg både grunneigarane og Kvinnherad kommune som festar, signere for sletting. Rekner med at du lager erklæring, får signatur frå grunneigarane, og så sender erklæringa viare til meg, så skal eg skaffe signatur frå ordførar.

Minner om at det er utbetalt eit forskot på kr 200 000,- til kvar av eigarane. Dette må gå til fråtrekk for utbetaling av vederlag.

Eg vil sørge for at erklæring om konsesjonsfridom vert signert av kommunen som kjøpar av 82/230, og at dette blir ført i matrikkelen. Eg sender deg kvittering når dette er gjennomført.

Håper du ut frå dette snarast råd kan gjennomføre sletting av heftelser, overføring av eigedom og utbetaling av erstatning for vederlag for grunn.

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål til saka.

Med helsing
Kvinnherad kommune

Grethe Sandvik
saksbehandlar